



# Møteprotokoll frå Fellestråds møte

## Desse møte:

### Namn

Turid Engen  
Kristian Fuglseth  
André Gjerde  
Gunmar Grimstad  
Leidulv Ø. Grimstad  
Lidvar Arne Grimstad  
Björg Vartdal Hareide  
Lars Sellereite  
Kjersti Røyset Topphol  
Hege Tretnes

### Funksjon

medlem  
kommunal representant  
2. varamedlem  
leiar  
prostens representant, sokneprest  
1. varamedlem  
medlem  
medlem  
nestleiar  
medlem

Tysdag 18. apr. 2017  
kl. 18:30 – 20:30  
kyrkjekontoret

## Desse møte ikkje:

### Namn

Elisabeth Myrene  
Wenche Iren Roppen

### Funksjon

medlem (permisjon)  
medlem

## Frå staben møte:

### Namn

Jan Erik Hovland

### Funksjon

sekretær, kyrkjevevje

10 voterande

## Desse sakene vart handsama:

FR 10/17 Godkjenning av innkalling og sakliste  
FR 11/17 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte  
FR 12/17 Langtidsplan for Hareid kyrkjelege fellesråd  
FR 13/17 Kyrkjestol

Møtet vart leia av fellesrådsleiar Gunmar Grimstad.

Hareid, 04.05.17

Gunmar Grimstad  
*fellesrådsleiar*

Jan Erik Hovland  
*sekretær, kyrkjevevje*

**Orienteringar:**

*Vedlegg: FR170418 Orienteringar.pdf*

- Referat frå underutval:
    - Arbeidsutvalet 7. mars 2017
    - Undervisningsutvalet 23. mars 2017
    - Kyrkjemusikalsk utval 31. mars 2017
  - Bedriftsbesøk av rådmann og ordførar
  - Dugnad på kyrkjegarden 22. april
  - Ward1 har hand om nedvask av kyrkja
  - Soknepresten informerte om ynskje frå nokre medlemmar å flytte gudstenesten på Aarvak til bedehuset i Brandal.
- 

**FR 10/17 Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vart sendt ut pr. e-post 6. april.

**Vedtak:**

*Fellesrådet godkjenner innkalling og saksliste.*

**FR 11/17 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte**

Møteprotokollen vart sendt ut pr. e-post 23. februar.

**Merknad:** Sak FR 07/17 er nummerert feil i møteprotokollen. Kyrkjeverja vil rette dette opp.

**Vedtak:**

*Fellesrådet godkjenner referatet med retting av nummerering.*

**FR 12/17 Langtidsplan for Hareid kyrkjelege fellesråd**

*Vedlegg: FR1217a Langtidsplan for kyrkja i Førde.pdf*

**Saksutgreiing:**

AU har sett på behovet for ei langtidsplan for vår verksemd. Etter møtet med rådmann og ordførar 23. mars er det tydeleg at også kommunen ynskjer at soknet arbeidar etter langsiktige planar, som kan gje grunnlag for grundige prosessar og gode avgjerder.

Vedlagt er eit døme frå kyrkja i Førde.

**Fellesrådet si handsaming:**

Kristian Fuglseth: I møte med kommunen sine planar er det viktig at ein i ei slik plan skilje mellom investering og drift, då dei områda har heilt forskjellige reglar knytt til seg.

*Vedtak: Fellesrådet ber kyrkjeverja utarbeide eit forslag til innhald og struktur i ei langtidsplan for Hareid kyrkjelege fellesråd, inklusiv forslag til kva grupper i verksemda som skal arbeide med innhaldet.*

**FR 13/17 Hareid bedehus – kyrkjelydshus?**

*Vedlegg: FR1317a Brev frå bedehusstyret til Hareid sokn om eigarskap.pdf*

*FR1317b Utdrag referat.pdf*

**Saksutgreiing:**

Bedehusstyret har tatt kontakt med Hareid sokn v/soknerådsleiar om å la soknet få overta bedehuset for omgjøring til kyrkjelydshus.

Det var eit fyrstemøte måndag 27. mars med representantar frå bedehusstyret og kyrkjeverje, leiar og nestleiar i fellesrådet, for å tenke høgt rundt saka og korleis vi går fram vidare.

Rykta om ei mogleg overtaking går allereie, og vart kommentert av ordføraren på møtet mellom kommunen og staben i soknet 23. mars.

Denne saka krev ei grundig utreiing slik at man kan ta gode avgjerder.

AU har etter drøfting av saka følgjande forslag til vedtak:

*Forslag til vedtak:*

- 1. Fellesrådet er positive til førespurnaden frå bedehusstyret, og vil greie ut saka vidare.*
- 2. Fellesrådet oppnemner eit utval beståande av ... som skal greie ut saka vidare og utarbeide eit dokument som gjev grunnlag for avgjerd i fellesrådet. Arbeidet inneber høyringar i kyrkjestaben, frivilligsentralen, kommunen og andre relevante grupper.*

#### **Fellesrådet si handsaming:**

Saka vart drøfta og fleire synspunkt vart fremma.

André Gjerde fremma eit alternativt forslag til vedtak:

#### **Røysting:**

Det vart først røysta over punkt 1 i AU sitt forslag til vedtak.

Punktet vart vedteken stroke med 6 mot 4 stemmer.

AU trakk så sitt punkt 2.

André Gjerde sitt forslag vart så vedteken samrøysta.

#### **Vedtak:**

- 1. Fellesrådet viser til førespurnad frå bedehusstyret om overtaking av Hareid bedehus, og vil utarbeide eit dokument som gjev grunnlag for avgjerd i fellesrådet. Arbeidet inneber høyringar i kyrkjestaben, frivilligsentralen, kommunen og andre relevante grupper.*
- 2. AU får fullmakt til å peike ut medlemmar til utvalet.*

#### **FR 14/17 Kyrkjestol**

*Vedlegg: FR1417a Alternative kyrkjestolar i Hareid kyrkje.pdf*

*FR1417b Eksemplar på tilpassingar av Kirkestolen.pdf*

#### **Saksutgreiing:**

I arbeidet med prosjektet golv-varm skal det søkjast om å få skifte ut nokre kyrkjebenkar i kyrkja med stolar. Å velje stol står no for tur.

Lars Sellereite har, i lag med kyrkjeverja, funne fram til 3 alternativ på vegne av kyrkje- og kyrkjegardsutvalet som arbeidar med saka.

Dette er siste ledd i søknaden til bispedømmerådet, og tida er ei faktor.

#### **Fellesrådet si handsaming:**

Lars Sellereite hadde med eksemplar på tilpassingar av alternativ C.

**Vedtak:**

*Fellesrådet ber kyrkje- og kyrkjegardsutvalet gå vidare med alternativ C, Kirkestolen, med tilpassing i høve til interiøret og kyrkjebenkane i kyrkja.*